

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: HOTEL MARITIM, HAUGESUND

MØTETIDSPUNKT: 02.04. 2019, KL. 0830 – 1600

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Katrine Trovik	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Jan Oddvar Gjerde	Observatør

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør

Baard-Christian Schem, fagdirektør

Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør

Bente Aae, kommunikasjonsdirektør

Ivar Eriksen, eigardirektør

Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det styreseminar:

«Styring og styrearbeid i helseføretaksmodellen - Ansvar og rolleforståing»

Presentasjon ved administrerende direktør, Herlof Nilssen

Sak 033/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall til styremøtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Oppdatert protokoll frå styremøtet 6. mars
- Oppdatert AD si orientering

- Oppdatert rekneskap med noter
- AD si orientering pkt. 5 –Rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak
- AD si orientering pkt. 6 – Kirurgi i Flekkefjord

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var 2 nye punkt på AD si orientering:

5. Oppdatert rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak
6. Kirurgi i Flekkefjord

Saker til eventuelt:

Det var ingen saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 034/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 06.03. 2019

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 6. mars 2019.

Presentasjon årsmeldinga og tenesta til pasient- og brukaromboda i Helse Vest

Pasient- og brukarombodet i Rogaland, Gro Snortheimsmoen Bergfjord presenterte årsmeldinga og tenesta.

Sak 035/18 Årsmelding 2018 frå pasient- og brukaromboda i Norge og i Helse Vest

Oppsummering

Pasient- og brukaromboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har kvar for seg lagt fram årsmelding for 2018. Det er også utarbeida ei nasjonal årsmelding frå Pasient- og brukaromboda i Noreg, www.pasientogbrukerombudet.no

Pasient- og brukaromboda arbeider for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og overfor den kommunale helse- og sosialtenesta.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbeistrast.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiing. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Klagesaker til pasientomboda utgjer eit viktig grunnlag for forbeistringsarbeid i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 038/19 Årsoppgjer 2018

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 667 900 512 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 546 756 142 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på 176 574 601 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapet slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 370 181 541.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 806 461 821 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 204 360 733 kroner.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2018 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 421 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2018	2017	2016
Helse Bergen HF	110,8	87,7	175,5
Helse Stavanger HF	76,6	20,5	25,7
Helse Fonna HF	41,5	8,9	54,6
Helse Førde HF	58,5	26,5	4,6
Sjukehusapoteka Vest HF	17,1	14,3	16,9
Helse Vest IKT HF	-5,2	0,6	1,8
Helse Vest Innkjøp HF	0	-0,5	0
Helse Vest RHF	370,2	415,8	447,2
Tilknyttat selskap	-1,6	2,8	-2,4
Sum rekneskapsresultat	667,9	576,6	724,1

Resultatet frå føretaksgruppa er 246,9 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om. **Før vedtak i sak 038/19 Årsoppgjer 2018, blei det gjennomført møte mellom revisor Ellen Marie Marvik og styret.**

Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe. Årets overskot i Helse Vest RHF kr 546 756 142 blir ført mot annan eigenkapital med kr 546 719 930, mens kr 36 212 blir overført til fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 176 574 601. Årets overskot i Helse Vest føretaksgruppe kr 667 900 512 blir ført mot annan eigenkapital med kr 669 485 279, mens kr 1 584 767 blir ført frå fond for vurderingsforskjellar.
2. Styret vedtok årsberetninga.
3. Styret gav administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen og årsberetninga.
4. Styret legg årsberetninga og årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjente erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningslinjer for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2019. jf. note 6 i årsrekneskapen

Sak 036/19 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Styret ønskja ein gjennomgang på om nokre av dei eldste sakene er/kan avsluttast.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Oppdatert rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak

Dette er 3. utgåve rettleiaren for styrearbeid i regionale helseføretak.

Oppdatert styrerettileiar vil bli gjennomgått på felles styreseminar 13. – 14. mai.

I rettleiaren er det oppdatering på følgjande punkt:

- Kontakt mellom Stortinget og RHF
- Styret sitt ansvar
- Styret si eigenevaluering
- Vurdering av habilitet

Styret ønskja ein gjennomgang for å sikre at styreinstruksen er i samsvar revidert styrerettileiar

6. Kirurgi i Flekkefjord

Administrasjonen orienterte om sakene i media knytt til kirurgi ved Flekkefjord sjukehus.

Basert på avtale mellom Helse Stavanger og Helse Sør-Øst, har pasientar med ortopediske tilstandar frå Rogaland blitt operert ved Flekkefjord sjukehus. I samsvar med avtalene har operasjonane blitt gjennomført av operatørar frå Helse Stavanger HF.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Februar 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter	0%	0%	1,7% [•]	2% [•]	3,3% [!]	1,1% [•]	0,7% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	86 % [•]	85 % [•]	83 % [•]	87 % [•]	92 % [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	90 % [•]	82 % [•]	90 % [•]	94 % [•]	96 % [•]
Sykefravær	5,5%	5,5%	7,2% [!]	7,2% [!]	7,1% [!]	7,5% [!]	6,6% [•]

Status Februar 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	2,5% [!]	1,8% [•]	2,8% [!]	2,7% [!]	3,1% [!]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	56	62 [•]	66 [!]	59 [•]	60 [•]	64 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	60	35	37 [•]	49 [!]	31 [✓]	28 [✓]	36 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	60	40	41 [•]	42 [•]	44 [•]	43 [•]	26 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	60	30	27 [✓]	20 [✓]	30 [•]	27 [✓]	18 [✓]

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden. Oversikt over grenseverdiar er presentert i vedlegget. Innføring av TenesteForløpsGrupper (TFG) og endringar i grouper-effektene innan ISF gjer det vanskeleg å samanlikne DRG-poeng i 2019 mot 2018. Prosentvis endring av DRG-poeng er derfor ikkje rapportert per februar. Helse Vest jobbar for å finne ein måte å presentere dette.

Statusen på helsefaglege indikatorar per februar syner at delen fristbrot for dei som starta behandling gjekk markant ned i februar. Dei gjennomsnittlege ventetidene hadde og ei positiv utvikling og var på 60 dagar i gjennomsnitt for alle fagområde. Det var og ein liten forbetring i delen korridorpasientar innan somatikken den seinaste månaden.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Februar			Hittil pr. Februar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-152	-446	293	987	236	751
Helse Bergen HF	2 027	10 007	-7 980	5 837	20 006	-14 169
Helse Fonna HF	-578	3 333	-3 911	2 075	6 667	-4 591
Helse Førde HF	1 505	3 000	-1 495	3 542	6 000	-2 458
Helse Stavanger HF	15 987	7 500	8 487	18 961	15 000	3 961
Reservar/fellestenester/finans	38 879	39 708	-829	91 126	79 918	11 207
Administrasjon morselskap	-1 311	-465	-847	-1 526	-927	-598
Helse Vest IKT AS	7 010	-3 123	10 134	9 297	1 191	8 106
Til saman	63 366	59 514	3 851	130 299	128 091	2 208

Alle tall i heile tusen

Ventetider

Ventetidsutviklinga per februar 2019 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområder, låg på 60 dagar, noko som er ein nedgang på 2 dagar samanlikna med januar. Det er normal sesongvariasjon at ventetida aukar etter ferieavvikling og i samband med større høgtider. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021.

Ser ein på ventetidsutviklinga på fagområdenivå, sett opp mot dei eigne regionale målsettingane som Helse Vest har satt, så låg tre av fire fagområde framleis over målet i februar, medan TSB låg på rett side av målet. For to av fagområda (PHV og BUP) ligg ein no marignalt over den regionale målsettinga. I januar gjekk ventetida litt ned innan alle dei fire fagområda (somatikk, BUP, PHV og TSB).

Fristbrot

Talet på fristbrot for dei som starta behandling gjekk markant ned i februar. Prosentdelen fristbrot var 3,1 % i Helse Førde, 2,8 % i Helse Fonna, 2,7 % i Helse Bergen og 1,8 % i Helse Stavanger, noko som gir 2,5 % samla sett for dei som starta behandling i februar, samanlikna med 3,7 % i januar.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar i somatikken har vore kring 1,3 – 1,4 % gjennom store deler av 2018, men auka i 2019. Særleg Helse Fonna hadde ein markant vekst i talet korridorpasientar, og ligg høgast av helseføretaka med 3,3 % i februar 2019. Den samla delen korridorpasientar var 1,7 % siste månad.

Epikriser

Samla har epikrisetida gått litt opp 2019 innan psykisk helsevern, medan utviklinga er flatare innan somatikk i same periode. Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju verkedagar etter utskriving, så har utviklinga vore rimeleg «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan psykisk helsevern og somatikk. Den samla

epikrisetida har grovt sett variert mellom 85 og 90 % dei siste 15 månadene. Helse Førde og deretter Helse Bergen ligg nærast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt innan sju dagar.

Sjukefråvær

Grunna oppgradering til ny kostnadsstedsstruktur i GAT har vi ikkje oppdaterte data per februar. Per januar 2019 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 7,2 %. Det sjukemeldte fråværet for januar 2019 var på 5,6 %.

Heiltid

7 186 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til februar 2019 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 4 884 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 302 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,31 %. Måtalet er på 89,30 %.

HMS/kvalitet

Det er meldt totalt 4 052 hendingar per januar 2019. Dette er 748 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2018. Per januar 2019 er det registrert totalt 152 vald og trusselmeldingar mot tilsette. Dette er 174 færre enn same periode 2018. Det har vore 10 tilfelle av truslar om drap, mens det var 14 truslar om drap i same periode 2018.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er i februar 2019 kr 63,4 mill., kr 3,9 mill. høgare enn budsjett. Hittil i år per februar er samla resultat for føretaksgruppa kr 130,3 mill. som er kr 2,2 mill. betre enn planlagd.

Tvang i psykisk helsevern

Dei nasjonale tala viser at Helse Vest har høgast del tvangsinnleggingar med 19,8 prosent i 2. tert. 2018, og Helse Sør-Øst nest høgast med 19,4 prosent, landet totalt 18,3 prosent. Det er ei negativ endring for heile landet sidan førre kvartal, og delen tvangsinnleggingar har gått noko opp. Når det gjeld tvangsmiddelbruk inne i institusjon viser tala at Helse Vest og Helse Sør-Øst har høgast del pasientar i døgnbehandling med minst eit tvangsmiddelvedtak med 7,3 prosent 2. tert. 2018, medan Helse Nord har lågast, med 3,9 prosent. Gjennomsnitt i landet er 6,8 prosent. Dette er ei positiv endring for Helse Vest, som i 2017 hadde 8,5 prosent.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 28. februar 2019 til etterretning.

Sak 039/19 Koordinering av luftambulanshelikoptertenesta

og flight following av ambulansehelikopteroppdrag i Helse Vest

Oppsummering

Helse Vest RHF er gitt i oppdrag å sentralisere koordineringa av ambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag til éin AMK-sentral i regionen.

Hovudmålet med ei sentralisering er å få betre og tryggare forvaltning av Luftambulanse (LA) ressursane i Helse Vest. Det betyr ei meir effektiv styring og fordeling av ressursane og betre fordeling av oppdrag. Sentraliseringa vil også gi betre styring og koordinering i beredskapssituasjonar. Flight following systemet er primært etablert for å følge opp helikopteret under avgang, flyging og landing etter etablerte prosedyrar. Dette for å sikre helikopteret og besetninga rask assistanse dersom det skulle inntreffe eit uhell. Systemet ivaretar også informasjonsbehov i forbindelse med koordinering, og oppfølging av helikopteret.

Helse Vest oppnemnde ei arbeidsgruppa som fekk i mandatet å vurdere og tilrå korleis Helse Vest kan gjennomføre kravet i føretaksmøtet om at koordineringa av ambulansehelikoptertenesta og flight following av ambulansehelikopteroppdrag vert utført frå éin AMK-sentral i kvar region. Arbeidsgruppa har levert ein rapport med tilrådingar som er grunnlag for denne styresaka.

Det er brei semje om at ei sentralisering av AMK-LA til éin AMK-LA sentral i regionen er føremålstenleg. Spørsmålet om lokalisering av funksjonen i Helse Vest er difor det sentrale i rapporten og det som styret må ta stilling til.

I rapporten er dei fire ulike AMK-sentralane i Helse Vest presentert, og det er gjort ei ROS-analyse av å sentralisera AMK-LA funksjonen til éin sentral. Det er også gjort greie for kva det vil innebære å ha flight following funksjonen. Vidare er ulike konsekvensar av å samle funksjonen til ein stad gjennomgått. Til sist er det gjort ei grundig drøfting av kva for ein AMK sentral ein bør leggje AMK-LA funksjonen til. Det er også foreslått eit mottaksprosjekt som kan sikre ein god prosess med å sentralisere AMK-LA funksjonen.

Saka har vore til høyring og styrebehandling helseføretaka. Styrevedtaka viser at tre av dei fire helseføretaka tilrår at AMK-LA funksjonen blir lagt til AMK i Helse Bergen.

Styret drøfta saka. Styresak med innstilling og endeleg avgjerd vil bli lagt fram for styret i mai 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret drøfta saka.

Sak 040/19 Rettleiar for tidlegfaseplanlegging av IKT-prosjekt

Saka var felles for dei 4 helseregionane, og difor ikkje skriven på nynorsk.

Oppsummering

De fire regionale helseforetakene fikk i foretaksmøte i januar 2018 i oppdrag å utarbeide en veileder for tidligfaseplanlegging i store IKT-prosjekt. Formålet med veilederen er å gi en felles anbefalt planprosess for tidligfaseplanlegging knyttet til store IKT-investeringstiltak i alle de fire regionale helseforetakene. Veilederen er spesielt skrevet for å ivareta behovet for underlag knyttet til lånesøknad om investeringer av IKT-prosjekter over 500 mill. kroner – og skal brukes ved slike prosjekter. Veilederen kan brukes for alle investeringstiltak uavhengig av størrelse, men omfanget av utredninger må tilpasses type tiltak og forventet størrelse på investeringene.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret for Helse Vest RHF slutta seg til rettleiar for tidlegfaseplanlegging i IKT-prosjekt.
2. Rettleiaren skal nyttast for alle IKT-investeringsprosjekt i regionen som overstiger 500 mill. kroner. Rettleiaren kan også nyttast i øvrige prosjekt for å sikre at det riktige tiltaket med riktig innhald blir valt, og for å sikre at tiltaket er i tråd med nasjonale og interregionale/regionale utviklingsplanar og teknologistrategi.

Sak 041/19 Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2018

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta har utarbeidd sin første felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blei lagt fram for styret til orientering.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 042/19 Årsoppsummering frå Beslutningsforum**Oppsummering**

Årsrapport for Beslutningsforum 2018 ligg føre. Avgjerder om å innføre nye metodar og legemiddel i helsetenesta skal bygge på kriteria i prioriteringsmeldinga (Meld. St. 34, 2015–2016), der nytte av tiltaket, grad av alvor for tilstanden og ressursbruken skal vurderast. Det har vore ein stor auke i saksmengde og talet på saker som er behandla knytt til metodar/legemiddel har auka med 61 % frå 2017. Det blir arbeidd fortløpande med å effektivisere saksbehandlinga ytterlegare med sikte på å sikre effektive og ressursbesparande måtar å levere eit beslutningsgrunnlag på, slik at man raskast mogleg kan ta stilling til metodar som vil bety mykje for aktuelle pasientgrupper.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 043/19 Rapport - Utviklingstrekk 2019 frå Direktoratet for-helse**Oppsummering**

Rapporten *Utviklingstrekk 2019 – Beskrivelse av relevante trender og drivere for e-helseområdet* er andre utgåve av Direktoratet for e-helse sin årlege rapport som omtaler utviklingstrekk ved digitaliseringa i den norske helse- og omsorgstenesta. Rapporten blei lagt fram for styret i Helse Vest til orientering.

Styret ønskja E-resept, legemiddel knytt til pasienttryggleik, økonomi og kvalitet som tema på eit styreseminar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 044/19 Orientering frå Regionalt brukarutval

Leiar av RBU oppsummerte frå felles opplæringsdag for alle brukarutval i regionen. Det var 71 deltakarar på seminaret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa til orientering.

Sak 045/19 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 - Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 010219 - Rapportering frå verksemda pr. november-desember 2018

Skriv 02 – Kopi av brev frå LPP Sogn og Fjordane til Helse- og omsorgsdepartementet, 261118
– Brukarmedverknad på systemnivå i heleføretaka

Skriv 03 – Kopi av brev frå Helse- og omsorgsdepartementet til LPP Sogn og Fjordane, 050319
– Svar på brev om brukarmedverknad på systemnivå i helseføretaka

Skriv 04 – Brev frå Hordaland fylkeskommune til Helse Vest RHF, 070319 – Kvinnehelse og barselomsorg er viktig

Skriv 05 - Protokoll frå Regionalt brukarutval 200219

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering

Ref. 02.04.2019 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Katrine Trovik	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem